

## KVAM HERAD

**Fra:** Kaale, Leiv Ingmar [mailto:leikaa@kvam.kommune.no]

**Sendt:** 19. februar 2014 11:46

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Kopi:** Nedkvitne, Jon

**Emne:** SV: Tiltak K1 : Rapportering 2013

Mvh

Leiv Ingmar Kaale

Rådgjever

Kvam herad

### **Årsrapport 2013 - i samband med stønad knytta til K1-deltaking**

Kvam herad har mottatt stønad til gjennomføring av universelt utforma tiltak i samband med etablering av strandveg i Norheimsund. Midlane er kome som resultat av Kvam herad si deltaking i K1-prosjektet. Midlane er nytta til byggjing rampe og innkjøp/etablering av badematte – som mogleggjer betre tilkomst til sjø for rørslehemma. Vidare er midlane nytta til etablering av opphøgd sandkasse slik at rullestolbrukarar kan nytta sandkassen utan å måtta gå ut av rullestolen.

### **Organisering og forankring**

Prosjektet strandvegen er kome i stand som eit spleiselag mellom det offentlege og private. Kvam herad har hatt byggeherreansvaret. K1-deltaking har skjedd i form av at Kvam herad sin kontaktperson har hatt kontakt med fylkeskommunen og formidla til prosjektleiar (byggherre) nødvendige krav til gjennomføring av dei universelt utforma tiltaka.

### **Metode**

Konsultentselskapet Cowi er nytta til å prosjektera anlegget. Dei har god kunnskap om korleis ein skal sikra universell utforming. Kommunen har over tid fått auka kunnskap om kor viktig det er å ha fokus på god tilgjenge for alle. Kommunen har vore bevisst på å vektleggja dette i tidlege fasar av prosjektet.

### **Oppnådde resultat**

Heile prosjektet med strandvegen omfattar etablering av gangvegen langs sjøen med bruer og utstikkarar i sjø, parkanlegg, leikeareal, benker etc.

Det er eit omfattande prosjekt som er gjennomført. Prosjektet ligg i sentrum av Norheimsund og det har vore viktig at anlegget har fått ei utforming som gjer det tilgjengeleg og attraktivt for alle uavhengig av funksjonsnivå.

Prosjektet er eit av fleire grep som er gjennomført over tid for å gjera Norheimsund til ein god stad å vera for folk. Sommaren 2013 vart Norheimsund heidra med staten sin pris for attraktiv stad. Dei spesifikke K1 midlane er nytta slik at enkeltstående deler av prosjektet har fått ein høgare standard/utforming som bidrar til at området kan nyttast av alle.

## Økonomi

Utdrag frå økonomisk rapport:

Tiltak K1 (MD-K1) ressurskommuner og deltakende fylker - Økonomisk rapport for bruk av midler 2013	
Fylke / kommune:	Hordaland Fylke/Kvam herad
<b>Inntekter</b>	<b>Beløp</b>
<b>Tilskott fra Miljøverndepartementet - Tiltak K1 (MD-K1)</b>	
- Basis-/stimuleringsmidler MD-K1	
- Prosjektmidler K1 2013	50 000
- Andre tilskott MD-K1	
Fra Fylkesmann	
Fra fylkeskommune	
Fra kommune	
Andre inntekter	164352
<b>Sum inntekter</b>	<b>214 352</b>
<b>Utgifter</b>	
Rampe til strand	105 869
Rullestolmatte	35163
Arb. med matte (6 t a kr 460,-)	2760
sandkasse med innebygd benk	70560
<b>Sum utgifter</b>	<b>214 352</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>

Desse tiltaka var i førekant rekna å kosta om lag 233.000 kroner. Kostnadane utover midlane som er mottatt gjennom K1-prosjektet er dekkja gjennom eit spleiselag mellom det offentlege og private aktørar.

## Gevinstrealisering

Målet har vore å gjera tilgangen til sentrale sjøområder meir tilgjengelege og attraktive. Område som det er satsa på ligg i kjernen av kommunesenteret. Med ei slik plassering er det viktig at **alle** innbyggjarane og tilreisande kan koma seg fram og nytta anlegget på ein likeverdig måte. Midlane som er kome gjennom K1-prosjektet er nytta til enkeltelement og har bidratt til auka vektleggjing av universell utforming av anlegget. Stønaden har på denne måten gjort det enklare å prioritera mindre, men viktige detaljar knytt til universell utforming.

Anlegget vart godt mottatt i 2013 og me forventar at bruken vil auka framover etter kvart som anlegget vert meir kjent. Prinsippa som er nytta ved utforminga av strandvegen med tilhøyrande funksjonar bør leggjast til grunn ved vidare utvikling av dette området og liknande område i kommunen.

### **Endringar og tillegg**

Som nemnt vart COWI nytta til å prosjektera anlegget. Deira detaljteikningar vart lagt til grunn for anbodet og utføringa. Denne framgangsmåten har gjort sitt til at det i liten grad har dukka opp uforutsette hendingar.

### **Prosjekt fagleg evaluering**

Kommunen si deltaking i K1-prosjektet har fyrst og fremst hatt gevinst ved at mogleheita for økonomisk bidrag har ført til auka vektlegging av universellutforming på eit tidleg stadium. Det økonomiske bidraget har vidare gjort det lettare å få til delfinansiering av anlegget frå fleire aktørar.



**Bilete er frå strandvegen som vart opna sommaren 2013.**